# Helgedagen

KYRKJELYDSBLAD FOR TIME

NR. 3 - juni 2012 44. årg.





Terry i Tsjekkia

side 4



Sommarplanar

side 8



Misjonens flittige hender

side 10



Sommar i kyrkjene
i Jæren prosti

side 12

## Bryne - Time - Undheim sokn


**Kyrkjekontoret** tlf. 51 77 03 77
Kontortider: Måndag-Fredag: 09:00-14:00
Kyrkjekontoret: Erlandsbakken 6, 4349 Bryne
heimeside: http://www.time-kyrkja.no
e-post adresse: kyrkjekontoret@time-kyrkja.no

| | |
|---|---|
| telefaks | tlf. 51 77 03 60 |
| Prost: Kjell Børge Tjemsland | tlf. 416 38 048 |
| Sokneprest: Stein Ødegård | tlf. 911 57 105 |
| Soknepresт: Gunnar Frøyland | tlf. 958 73 847 |
| Kateket: Ingfrid Time Nærland | tlf. 970 99 661 |
| Diakon: Torild Egeland Reime | tlf. 911 81 696 |
| Sekretær Bryne sokneråd: Elisabeth Obrestad | tlf. 51 77 03 64 |
| Sekretær Time sokneråd: Elisabeth Obrestad | tlf. 51 77 03 64 |
| Sekretær Undheim sokneråd: Hanne Brit Sandsmark | tlf. 996 26 157 |
| Sekretær: Kari W. Ødegaard | tlf. 51 77 03 77 |
| Sekretær: Siri Vik | tlf. 51 77 03 76 |
| Kyrkjeverje: Olav Vegard Søyland | tlf. 51 77 03 69 |
| Konsulent: Tor Aase | tlf 51 77 03 63 |
| Prosjektleiar trusopplæring: Jorunn M. Ueland | tlf. 975 07 517 |

**Time**

| | |
|---|---|
| Organist: Oddny Underhaug | tlf. 900 11 178 |
| Kyrkjetenar: Alf Einar Weseth | tlf. 996 19 121 |
| Sokneråsleiar: Karin Lima Friestad | tlf. 476 23 950 |
| Klokkar: Sofie Braut | tlf. 986 55 128 |
| Time kyrkjegard | tlf. 51 48 32 84 |

**Bryne**

| | |
|---|---|
| Kyrkjelydsprest: Leif Oscar Reiestad | tlf. 412 72 862 |
| Kyrkjetenar: Alf Einar Weseth | tlf. 996 19 121 |
| Organist: Per Olav Egeland | tlf. 900 18 708 |
| Klokkar: Leif Andenes | tlf. 909 93 176 |
| Sokneråsleiar: Ruth Stabel Berg | tlf. 938 31 623 |
| Barne- og ungdomsarbeidar: Jorunn Pettersen | tlf. 51 77 03 72 |

**Lye forsamlingshus**
Heimeside http://www.lyeforsarnlingshus.no

| | |
|---|---|
| Ungdomsprest: Ole Tørring | tlf. 951 78 971 |
| Leiar forsamlingsstyret: Arne Heggheim | tlf. 900 34 326 |

**Undheim**

| | |
|---|---|
| Soknepresт: Per Børge Hillestad | tlf. 934 42 919 |
| Kyrkjetenar: Hans Undheim | tlf. 900 37 560 |
| Sokneråsleiar: Kåre Sigurd Undheim | tlf. 51 48 43 07 |
| **Undheim kapell** | tlf. 51 48 68 20 |

Besøk vår nettside:
**www.time-kyrkja.no**
E-post sokneråda:
Time sokneråd: time@sokneradno
Bryne sokneråd: bryne@sokneradno
Undheim sokneråd: undheim@sokneradno


# Til ettertanke


Gunnar Frøyland

## Politisk og sosialt engasjement

***Jesus ser på mynten og spør: Kven sitt bilete er dette? Det er bilete av keisaren, seier dei. «Så gjev då keisaren det som høyrer keisaren til og Gud det som høyrer Gud til,» seier Jesus. (Matt. 22,21)***

Når eg står føre spegelen, og håret legg seg på ein spesiell måte, då er eg lik far. Eg ber bilete av far min. I utsjånad, røyst, fakter og veremåte er eg som far.

«Gud skapte menneske i sitt bilete» (1.Mos 1,27) Me er skapte til i gjerning og ord å vera Guds bilete på jorda. Så kom synda inn i verda. No ber me Adam, det falne mennesket, sitt bilete. Som far så son, som mor så dotter, me gjer urett. Jesus kom. Han er Guds bilete. I brevet til kyrkjelyden i Kolossæ skriv Paulus: «De har kledd av dykk det gamle mennesket med dei gjerningar som høyrer det til, og ikledd dykk det nye mennesket, som blir fornya etter sin skapars bilete og lærer han å kjenna.» (Kol. 3,9-10)

Mynten ber keisaren sitt bilete. Den høyrer keisaren til.Du ber Guds bilete. Du høyrer Gud til. Kvar dag skal du fornyast så du meir og meir lever som Jesus. Jesus skal vera vårt førebilete. Me skal vera hans bilete i liv og gjerning.

I brevet til kyrkjelyden i Roma står det: «De må bera fram kroppen dykkar som eit levande og heilagt offer, til glede for Gud.» (Rom. 12,1). Jesus fortalde likninga om den vesle surdeigen som gjennomsyrer heile deigen.

Skal samfunnet vårt formast og pregast av Jesus, handlar det først om at Jesus får prega mitt og ditt liv. Me må leva med Jesus som vårt førebilete. Mange små liv prega av Jesus vil gjennomsyra fellesskapa me lever i.

Før spurde ein: Kva kan eg gjera for landet mitt? Kva er mi plikt? I dag spør me: Kva rettigheitar har eg? Kva pliktar landet å gjeva meg?

Dei store kristne vekkingane som, t.d. haugevekkinga i Noreg, er òg store sosiale og politiske rørsler. Trua skulle synast i byggjande arbeid og tenarsinn, i heimen, i bygd og by, i arbeidsliv og i samfunn. Som kristen har du ansvar for å ta del i og påverka framtida, politisk, økonomisk og sosialt. Trua vår lever me ikkje i eit lukka rom skilt frå resten av livet. Trua vår gjev kraft og retning for alt vårt liv.

Eg vil nemna nokre område som særleg kallar oss på banen:

- Pengar eller rikdom må vera middel til å skapa rettferd.

- Løfta menneskeverdet for barnet i mors liv og for den som er ved slutten av livet, for dei fattige og for innvandrarar.

- Ta vare på skaparverket. Kor går grensa mellom å nytta og å øyda?

Me skuldar å takka dei som tar ansvar som politikarar, som leier bedrifter og organisasjonar, som stiller opp for barn og unge, som ser fattige og krenka. Dei tener samfunnet vårt, men deira teneste er og ei teneste for Gud.

Verda og alt som rommar henne høyrer Herren Gud til.

Til han gjev me vår kropp, vår kraft og våre evner. Han fullfører si gjerning i oss og ved oss og kan gjera uendeleg mykje meir enn me forstår å be om.

*Gunnar Frøyland*

# Salme

Salmen er henta frå "Salmer og sange i skole og kirke" utgitt av Folkeskolens Musiklærerforening i 2000.

Johannes Møllehave (75) er ein kjend og kjær dansk prest, forfattar og føredragshaldar.
Han har skrive bøker, bibelske gjendiktninger, oversettelser, salmer, viser og revytekster.

Livet er en dejlig gave er skriven i 1992.
Martin Elmquist har komponert melodien.

*Per Olav Egeland har sendt oss denne salmen:*

## Livet er en dejlig gave

*Livet er en dejlig gave*
*der er no'en som du kan li´*
*Du har ligget i en mave*
*den var lun at ligge i.*

*Æg og sæd blev sammenblandet*
*og så var et barn på vej*
*svømmed rundt i fostervandet*
*for en dag at blive dig.*

*Lægen lytted gennem røret*
*det var dig han hørte på*
*Og han smiled, for i øret*
*hørte han dit hjerte slå.*

*Far og mor blev ved at spørre*
*Hvem er det, som er på vej?*
*Maven voksed, du blev større*
*mens du tænkte: Det er mig!*

*Indsvøbt i en fosterhinde*
*lå du i dit paradis*
*og der var så rart derinde*
*så du blev i månedesvis.*

*Men når maver bli`r for tunge*
*og for stram den spændte hud*
*er det som den lille unge*
*pluds`lig syn`s, at den vil ud.*

*Og du glemmer alt det andet*
*under fødslens store nu*
*Først så kommer fostervandet*
*og derefter kommer du!*

*Og når først du så har skreget*
*der var bedre hvor du lå,*
*Bli`r du pudret, målt og vejet*
*og får egen dyne på.*

*Livet er en dejlig gave,*
*navnlig nu da du kom ud.*
*Underet i kvindens mave*
*er et under, gjort af Gud.*

*Over dig står himlen åben.*
*Gud har fulgt dig på din vej.*
*Derfor bær' de dig til dåben*
*Præsten si`r: Gud elsker dig!*

## Minnestund på nasjonaldagen

I vår er det 70 år sidan den tyske krigsmakta henretta 15 ungdommar frå Jæren. Desse og andre som ofra livet under andre verdskrig, vart heidra med minnestund ved Time kyrkje 17. mai.

I år var det Sverre Risa som heldt minnetale og la ned krans ved gravene til motstandsmennene frå Time.

21. mai vart det avduka ei bronseplate i Obrestad hamn til minne om krigsdramaet for 70 år siden.

RT



*Dei mista broren sin i krigsdramaet for 70 år sidan. Helga Kallekodt (til venstre) og Anny Vikedal var til stades ved minnestunda 17. mai. Broren Andreas Steinsland var blant ungdommane som tyskarane henretta i Trandumskogen 21. mai 1942*

*Foto framside: "Sophia" av Randi Aalgaard*


**Helgedagen** Utgitt av Time kyrkjelege fellesråd.
Redaksjon: Else-Marie Bue, Liv Helene Øyre Håland, Oddny Underhaug, Ragnar Time, Gunnar Frøyland, Arnfinn Vigrestad, Knut Aalgaard og Gabriel Tengsareid. Layout: Knut Aalgaard og Gabriel Tengsareid.
Trykk: Jærprint. Frivillig kontingent til Time kyrkjelege fellesråd, kontonummer 3212 20 24589. Merk innbetalinga med Helgedagen.
Stoff kan sendast til Kyrkjekontoret eller med e-post til gabriel.tengsareid@lyse.net og må vera oss i hende innan 17. august.
Ver vennleg å senda stoff til Helgedagen innan fristen. Neste nr. kjem ut ca. 10. september.



# Undheim – Tsjekkia, eit nytt misjonsprosjekt

*Terry English*

*Etter fleire år med samarbeidsprosjektet Menighet og Misjon, er Undheim kyrkjelyd i gang med noko nytt og spennande innan misjon.*

Det var i fjor soknerådet arbeidde med å finna eit nytt misjonsengasjement, og etter å ha sett på ulike prosjekt, vart det slik at det la seg til rettes med eit samarbeid med engelskmannen Terry English sitt arbeid i Tsjekkia.
For å gjera historia kort, hadde det seg slik at Astrid Eikeland i si tid studerte saman med Terry English i Bergen. Dei vart godt kjende, og ho har sidan fylgt evangeliseringsarbeidet han starta blant ungdom i Tsjekkia. Då han i fjor haust var på norgestur med koret sitt, ytra han ynskje om å få besøkja ei kyrkje her. Slik hadde det seg at Astrid tok kontakt med Undheim sokneråd, og så var kontakten knytta.

## Kor- og leirarbeid

Terry English legg opp evangeliseringsarbeidet sitt rundt kor- og leirarbeid for ungdom. På leirane får ungdommane melda seg på ulike «workshops», som t.d. å læra å spela elektrisk gitar, trommer, video-redigering og drama. Mykje idrett, leik og moro høyrer òg med på desse leirane, og ikkje minst opplevinga av å vera med i eit stort kor. Og innimellom alle aktivitetane får dei formidla evangeliet. Om kveldane deler dei seg inn i smågrupper der det er rom for spørsmål og samtale om det dei har høyrt og lurer på.

Ungdommane er opne og søkjande og mange kjem til tru på Jesus. I etterkant av leiren er det viktig at desse får kontakt med ei kyrkje på heimstaden. Terry fortel at etter ein slik leir sist sommar, fekk han denne meldinga frå ein leiar i ei av kyrkjene der: Eg er så glad når eg ser at alle dei sju tenåringane som kom til Jesus i løpet av sommaren no er involverte i kyrkja vår. Og ikkje berre det, nokre av venene deira kjem også! Det er oppmuntrande å høyra!

## Misjon i Europa?

- Det er eit vondt faktum at Europa ikkje lenger er det kristne kontinentet som det ein gong var, seier Kåre S. Undheim, formann i Undheim sokneråd. - Tsjekkia er eit av dei mest avkristna landa i Europa. Den foreldregenerasjonen me har i Tsjekkia i dag voks opp i kommunist-tida og har lite kunnskap om kva kristendom er. Det vil òg ungdomane vera prega av. Ein ny generasjon må få del i evangeliet, og det vil me gjerne vera med på. Dette vert misjon i ei ny tid.
Når det gjeld dei gamle misjonfelta frå siste del av 1800-talet og 1900-talet, har dei i dag mange lokale leiarar og arbeidarar i teneste for evangeliet, og innsatsen og støtten frå Norge er på ein annan måte nå enn det var i starten. Me vil ikkje på nokon måte at vårt misjonsprosjekt skal signalisera at dette tradisjonelle misjonsarbeidet ikkje er godt nok og ikkje skal støttast. Men me måtte ta eit val, og ting la seg til rettes slik at me opplevde dette som eit riktig val nå. Eg vil tru at dei fleste av oss kan støtta begge deler. Det eine treng ikkje gå på bekostning av det andre.

## Kva går vårt engasjement ut på?

- Arbeidsmåten i dette misjonsprosjektet er spesielt spennande. Me er godt kjende med at det er viktig å be for misjonsarbeidet, og at pengar er ein viktig ressurs. Me har forplikta oss til 12 000 kr i året (4 ofringar). I tillegg kjem det som er mest spennande. Terry ynskjer at våre folk kjem til Tsjekkia og er med i arbeidet, som leiarar på leirane dei har. Det at avstanden mellom oss er så kort, gjer dette muleg. Jesus ga oss kallet: Fylg meg! Her får mange utfordring til å stilla seg til teneste for Jesus, misjonen sin Herre. Det kan bety mykje for den einskilde, og det kan bety noko for kyrkjelyden vår når dei som har vore på oppdrag i Tsjekkia, kjem heim og fortel kva dei har vore med på.

## Eit team reiser nå

I slutten av juni nå reiser eit team frå Undheim og Lye til Slovakia. Dei som skal vera med, er Tora Undheim, Joachim Brekke, Eline Ødegård Egeland, Jarle Kartevoll, Kjellaug Wold og Eline Garpestad. Utanom dei er Per Børge Hillestad med som sjef for teamet, og Hanne Brit Sandsmark ordnar og organiserer det praktiske. - Me gler oss, seier Hanne Brit, - og er veldig spente! Det som gler henne aller mest er å sjå kor mykje me har å læra av det arbeidet Terry English driv og måten han gjer det på. - Han er så tydeleg og direkte i måten å forkynna på, og uredd i å utfordra. Det likar ungdommane, og det ber frukt!

*Marta D. Undheim*

*Terry English grunnla og leier Fusion, ei relasjonell utadretta verksemd, som bruker lokale kyrkjer gjennom heile Sentral- og Aust-Europa for å nå kyrkjeframand ungdom ved bruk av rock/gospelkor og teatergrupper. Fokuset hans er på opplæring av lokale forsamlingar*

*Les meir her:*
*http://www.euroleadership.org/youthleaders*
*http://www.josiahventure.com/people-and-places/czech-republic/96*

*Koret fra Tsjekkia i Undheim kapell*



# Fotland søndagsskule

## Glade born frå 3 år til 7. klasse møtest  på bedehuset på Fotland



*Ein april-søndag var Helgedagen på besøk på søndagsskulen på Fotland. Vêret var vinterleg til april å vera, men det hindra ikkje små og større frå å koma til bedehuset på Fotland. Sjølv om ei fotballturnering krympa den eldste gutegruppa, så var frammøtet totalt godt – med blide og smilande born.*

Leiaren, Kari Haavardsholm, fortel at ho har vore med om lag 6 år, annankvar søndag. Dei prøver å vera 2 vaksne på kvar gruppe, men det er ikkje alltid like lett å få det til. Borna er delte i 4 grupper, 3 – 5 år, 1. – 4. klasse og to grupper for 5.- 7. klasse. Den eldste gruppa deler dei nå i gute- og jentegruppe, etter ønskje frå deltakarane.

Kari seier at dei har 2 ungdommar med 2 gonger vår og haust. Ho fortel at dei treng fleire leiarar, slik at dei framleis kan dela i 4 grupper. Det vil og letta arbeidet for alle at dei kan dela på ansvaret med gjennomføringa av søndagsskuletimen. Ho håpar at fleire, både ungdommar og vaksne, ser at dette er ei oppgåve det er viktig å vera med på!

Den søndagen det ikkje er søndagsskule på Fotland, er det Løvegjeng og Tårnløver i Time-kyrkja. Borna har altså eit tilbod kvar søndag.

"Bibelknøttane", dei yngste på søndagsskulen, har gjerne foreldre med. Då er dei trygge, og kan etter kvart sleppa mor si hand. Jesus er i sentrum, og flanellografen har slett ikkje gått ut på dato her!Den kan fanga sinn og augo! I blant friskar dei opp med leik. Denne søndagen







gjekk det hardt ut over ballongane! Litt "godt" kan der og vera! Leiar i dag var Elin Haugland.

I gruppa over, dei frå 1. – 4. klasse, prøver dei seg med dramatisering av påskebodskapen. Maria og Tomas samtalar om korleis det var etter oppstoda. Kari fortel at dei nyttar opplegg frå "Sprell levande", der leiarane får tips og idéar til ulike tilnærmingsmåtar til tekstane.

Dei største jentene, frå 5. - 7. klasse, leia av Anne Frøyland Grødem,har laga Kristuskrans dette året. Dei får ny perle kvar gong, og veit godt kva alle perlene betyr! I dag er dei 4 jenter, men dei pleier å vera fleire.Dei ser ut til å ha det veldig triveleg saman!

Dei største gutane, saman med leiar Torbjørn Haavardsholm, er og få i dag, under halvparten.Men påskebodskapen får kanskje endå meir ro då. Litt å bita i såg det ut til å bli her og!

Heile søndagsskulegjengen samla i kjellartrappa, viser at på Fotland er dei mange. Og dei vert verande på søndgasskulen! Ei jente i 6. klasse fortel at ho har vore med heilt sidan ho var lita. Det  må gje mot og tru på framtida for dei som er i dette viktige arbeidet på Fotland!

*LHH*



# Jærdagsgudsteneste – felleskyrkjeleg og folkeleg

*Fra Jærdagsgudstenesta på Torget 2011*

***«Vil du ha kaffi eller saft? Ein skillingsbolle til?»***

Små og store hender får krus i eine hånda og gjærbakst i den andre. Det summar og myldrar på torjå. Dei som bryr seg om å vita kor mange folk, slumpar eit tal som visst bikkar 1000. Gudshusa i Time står tome denne sundagen. Kyrkjeaktive og kyrkjesjeldnare har funne kvarandre på torjå. Mange av dei har gitt frå seg eit smil og sagt: «Så gildt å sjå deg!» Lyden frå dei store høgtalarane har stilna for ei stund. Aktørane på Jærdagsscenen vil også ha kyrkjekaffi: Barnekoret. Breakdance-gruppa. Gospelkoret som pakkar utstyr. Prosten som har preika. Dei som har bedd for byen og folket. Jærdagsgudstenesta er over, gjøglartroppen lagar liv, og snart skal folk heim eller helst ein runde i buer og utstillingar ned Storgata.

### Draum eller realitet?

Nei, det er ikkje bare ein gild draum, dette. Slik var det i fjor. Liknande skal det bli i år. Kristne kyrkjer og forsamlingar går saman om fellesgudsteneste på Jærdagen. Sundag 3.juni kl.11. Aktørane er lokale. Ei ivrig gruppe med unge dansarar frå Undheim. Eit nystarta familiekor i Bryne kyrkje med det klingande namnet Jungelkoret. Eit lovsangsteam frå Bedehuskirken som sørgjer for at gudstenesta lever opp til tema for dagen: Lovsang på Torjå! Det måtte mest bli sånn i år, når nye bygningar står ferdige og kransar eit fornya byrom for fellesskap: Det gamle Torjå har vorte det nye Torjå.

### Korleis har dette kome til?

Idé og førearbeid har kome opp i Bryne kristne lederfellesskap. Eit forum for pastorar/prestar som fekk nåverande form våren 2009. Omlag tredjekvar onsdag samlast fellesskapet til frokost på hotellet, deler erfaringar og bønn, og sørgjer for at det er respekt og samarbeid som pregar dei ulike kristne menighetane på Bryne. Då idéen kom frå lederfellesskapet, vart han svært godt motteken av Jærdagskomitéen. Jærdagen stiller med scene, teknikarar, kyrkjekaffibakst og profilerer eit utmerka samarbeid, ein vinn-vinn-situasjon som gjer at Jærdagen er folksom, og at kyrkja er på torjå der folk samlast.

### Innsamling

Menighetslivet i Time ønskjer å bidra positivt i lokalmiljøet. Dette gjev seg utslag i innsamling til gode lokale fellesformål. I fjor var det til sansehagen ved Sivdamheimen. I år går kollekten til Midgardsormbrua. Brua vil gå frå Lalandsholmen på Kleppsida til Njåskogen og binda saman Sandtangen og turstiane på vestsida med Njåskogen på austsida. Målet er å gjera Frøylandsvatnet som turområde endå meir tilgjengeleg, auka bruken av området og gje området ein attraksjon i form av eit flott byggverk. Fellesgudstenesta og menigheter i Time ønskjer å støtta dette prosjektet og bidra til helse og miljø der me bur. Så me oppfordrar til å ta med pengar og gje ei god gåve når det vert «Lovsang på Torjå».

*Tekst: Stein Ødegård*
*Bilde: Oddvar Larsen*

# Time kvinnneforening er 150 år




Norsk Misjons-Tidende ble lest opp på møtene i gamle dager

*Den første mandagen i hver måned mellom kl. 1400 og 1630 er misjonskvinnene i Time på møte. Det har de vært i uminnelige tider – helt siden foreningen ble stiftet for 150 år siden. Ja, kanskje før den tid også. Foreningen startet nemlig som en kvinne- og mannsforening, men ble etter hvert en ren kvinneforening. Vi vet også at foreningens virksomhet aldri har ligget nede, men har vært drevet gjennom alle disse årene.*



Tre svært gamle regnskapsbøker fra foreningens første tid (Bilde: Brit Lund)

Og møtedag og tidspunkt er ingen tilfeldighet. Det var et ønske fra Gustava Kielland, den kjente prestekona som stiftet de aller første foreningene i Lyngdal i ca. 1840. Hun ville at alle foreningene som etter hvert kom til skulle ha møtene sine samtidig for lettere å kunne samordne virksomheten. Her snakker vi om Norges første og største kvinnebevegelse! Og møtene ble lagt til et tidspunkt som passet godt for bondekvinnene - de som skulle stelle fjøs og heim. I tillegg til lesning i bibel og Norsk Misjons–Tidende, bønn og fellesskap, hadde foreningsmedlemmene stor interesse for å skaffe penger til misjonen. Rokken ble tatt med til møtene, mye ull ble spunnet, og mange par sokker og strømper strikket og solgt. Kvinnene viste tro og tillit til det arbeidet NMS som organisasjon representerte.

Dette er bakgrunnen for dagens virksomhet i misjons-foreningen. Interessen for å støtte Norsk Misjonsselskap er fortsatt stor, og gjennom Misjonstidene blir vi godt oppdatert på hva som skjer innen misjonsarbeidet, både ute og hjemme.

**Hva gjorde at dere begynte i misjonsforeningen?**
De fleste av oss var først med i Unges Misjon, sier Ingeborg Søyland. Og da var det naturlig å gå inn i misjonsforeningen etter hvert som vi ble eldre.
Jeg husker at både farmor og mor gikk i Kvinneforeningen, sier Olaug Time. Og da begynte jeg etter at de falt fra.

På Lende var det tre kvinner som gikk i misjonsforeningen, husker Åsa Høyland, og møtene ble holdt i den gamle kommunestova i Time. Til møtene tok alle med en liten matpakke, og ei skje kaffe. Da kunne de koke på den store kjelen.
I misjonsforeningen kjente alle hverandre, det var gildt å komme på møte. I mange år ble møtene holdt på Prestegarden, og foreningen ble derfor kalt for prestegardsforeningen. Men nå møtes de 8 damene hjemme hos hverandre, og de ser fram til150 års feiringen.

Den 14. september inviterer vi alle til stor bursdagsfeiring i Fotland Bedehus, sier de, og vi håper mange vil være med og feire dagen sammen med oss.

*Tekst: Brit Lund - Bilder: RT*









*Fra venstre: Brit Lund, Sigrid Lende, Ragnhild Hommeland, Ingeborg Søyland, Elfrid Søyland, Margretha Håland, Åsa Høyland, Olaug Time*



# Sommarplanar

*Søstrene Janne Birgitte og Gerd Åshild Ueland har planar for sommaren*

*Søstrene Gerd Åshild (10.kl) og Janne Birgitte (9.kl) Ueland, er to aktive jenter. Etter å ha gått søndagsskulegradene på Lye forsamlingshus, er dei framleis med som leiarteam. Gerd Åshild er også lydteknikar på "Fredagskvelden" og på nokre gudstenester. Til hausten går vegen til Tryggheim og eletrolinje.*
*Janne Birgitte har vore "Størst av alt"-konfirmant dette året. Ho har også vore medhjelpar på dåpsskule for 1.klassingar, "Tårnagenthelg" for 3.klassingar og "Lys våken" for 5.klassingar.*
*Begge to er med i leiinga for skulelaget på Lye ungdomsskule. Elles syng dei i "Bryne soulchildren" i frikyrkja.*

*Nå lir det mot sommarferie og Helgedagen spør om ferieplanane*
*Gerd Åshild:* Denne sommaren skal eg jobba ein del, så eg får ikkje tid til alt eg har brukt å gjere før. Så lenge eg kan hugse, har sommaren for meg hatt to hovudmål: Bestemor og Oase. I år vert det ingen av delane, og det kjennest rart. Bestemor døydde i fjor. Men så gler eg meg til å reise på «Link» i august. Det er NKSS (Norges kristelige student- og skoleungdomslag) si leiartrening. I år vert det 3.gongen for meg.
Ein del av vår familie bur på andre kantar av landet. Det er veldig kjekt å halde kontakten, og difor reiser me gjerne til slekt og venner eller har besøk. Oase har vore ein sjølvsagt del av sommaren. Spennande og lærerik undervisning, utfordrande seminar, mykje lovsong og møte med nye folk har vore viktig. Eg er glad i musikk, og likar godt at musikken og lovsongen får så stor plass på møta.

*Kva er viktig for deg om sommaren?*
*Janne Birgitte:* Oase har vore ein viktig del av feriane sidan eg var liten. I fjor reiste eg òg på Laget sin leiartreningsskule «LINK». Det er spennande å treffe andre kristne ungdommar og lære korleis andre gjer ting. Reknar med både Oase og Link denne sommaren også.

*Kan du nemne noko som har vore spesielt kjekt?*
Oase har spennande seminar, t.d. sterke vitnesbyrd om kva tru har betydd i kvardagen, «skattejakt» der vi går ut på byen og ber for folk, gutte-/jenteseminar osv. For Barne- og Junior-Oase er det i tillegg mange kreative seminar, t.d. kor, dans, maling, breaking osv. Mange talarar gir god undervisning. Gruppesamlingar kvar dag har tid for samtale og spørsmål kring talane og det me er opptekne av. Eg lærer mykje og får sett ord på det eg sjølv trur på.

*Kvifor vel du å reise på Oase og Link?*
Det er veldig inspirerande og trusstyrkjande. Eg tar med mykje heim som pregar meg i kvardagen. Me treffer mange kjende frå tidlegare år, og det er alltid kjekt! Sjøl om Ten-Oase har gilde samlingar, vurderer eg i år å melde meg som leiar på Barne- og Junior-Oase under føremiddagsmøta. Det er kjekt å sjå korleis opplegget er, og kanskje eg kan snappe opp nokre tips til søn-dagsskulen her på Lye.

*Takk, Gerd Åshild og Janne Birgitte! Det var rett og slett inspirerande å møta så mykje ungt engasjement og få glimt inn i gjeremåla og tankane dykkar. Lukke til framover og god ferie!*

*emb*





**http://www.oase.no**




*Glade Oasedeltakarar fra Lye i Fredrikstad 2011*

# BARNAS SIDE

## Prikk til prikk

Tegn en strek fra 1 til 2 og så videre. Hva skjuler seg her?



## Fargelegg

Tegning: Chris Murphy



## Finn fem feil

De to bildene er nesten like. Finner du de fem feilene på bildet til høyre?














# Sommar i kyrkjene i Jæren prosti 2011


Time kyrkje


Bryne kyrkje


Undheim kapell


Frøyland Orstad kyrkje


Klepp kyrkje


Bore kyrkje


Orre kyrkje


Brekko kapell

***Du er hjarteleg velkomen til å oppleva fellesskapet også i ein annan kyrkjelyd***

**Sundag 17. juni**
• Bryne kyrkje kl 11.00. Nattverd. Per Børge Hillestad. Per Olav Egeland.
• Time kyrkje kl 11.00. Dåp. Kjell Børge Tjemsland. Oddny Underhaug.
• Ogna, friluftsgudsteneste Åsane kl 11.00. Roald Byberg.
• Nærbø kyrkje kl 11.00. Dåp. Lars Sigurd Tjelle. Bjarte Lending.
• Gjesdal kyrkje kl 11.00. Sigve Sande. Organist Arne Warem.
• Bore kyrkje kl 11.00. Nattverd. Åsmund Steinnes. Ove Byberg.
• Klepp kyrkje kl 11.00. Dåp. Andreas Haarr. Ola Sotnakk.

**Laurdag 23. juni – Jonsokafta**
• Orre kyrkje kl 19.00. Dåp. Åsmund Steinnes. Arne Hadland.

**Sundag 24. juni – Jonsok**
• Varhaug kyrkje kl 11.00. Nattverd. Roald Byberg. Bjarte Lending.
• Undheim kapell kl 10.30. Dåp. Nattverd. Per Børge Hillestad. Kari Kaald Reiten.
• Bryne kyrkje kl 11.00. Dåp. Nattverd. Gunnar Frøyland. Per Olav Egeland.
• Frøyland og Orstad kyrkje kl 10.30. Dåp. Åsmund Steinnes. Ola Sotnakk.
• Pilegrimsvandring. Start kl 18.00 frå 1000-årsplassen ved Obrestad hamn til Kristkrossen på Njærheim.

**Sundag 1. juli**
• Time kyrkje kl 11.00. Dåp. Nattverd. Kjell Børge Tjemsland. Oddny Underhaug.
• Ogna kyrkje kl 11.00. Dåp. Roald Byberg. Morten Helvig,
• Nærbø kyrkje kl 11.00. Nattverd. Lars Sigurd Tjelle. Bjarte Lending.
• Dirdal kyrkje kl 19.30. Kjell Børge Tjemsland. Ragnhild Hoel.
• Ålgård kyrkje kl 11.00. Gunnar Frøyland.
• Klepp kyrkje kl 11.00. Dåp. Nattverd. Åsmund Steinnes. Ove Byberg.

**Sundag 8. juli**
• Bryne kyrkje kl 11.00. Nattverd. Gunnar Frøyland. Oddny Underhaug.
• Oltedal kyrkje kl 11.00. Sigve Sande. Ragnhild Hoel.
• Varhaug kyrkje kl 11.00. Dåp. Roald Byberg. Bjarte Lending.
• Orre kyrkje kl 11.00. Dåp. Nattverd. Åsmund Steinnes. Ove Byberg.

**Sundag 15. juli**
• Undheim kapell kl 10.30. Stein Ødegård. Oddny Underhaug.
•Ogna kyrkje kl 11.00. Nattverd. Roald Byberg. Morten Helvig.
• Nærbø kyrkje kl 11.00. Dåp. Jan Roald Dahlstrøm. Bjarte Lending.
•Ålgård kyrkje kl 11.00. Vikarprest. Organist Arne Warem.
• Bore kyrkje kl 11.00. Dåp. Nattverd. Sigve Ims. Arne Hadland.

**Sundag 22. juli**
• Bryne kyrkje kl 11.00. Dåp. Stein Ødegård. Per Olav Egeland.
• Nærbø kyrkje kl 11.00. Nattverd. Gaute Ø. Rasmussen. Bjarte Lending.
• Varhaug kyrkje kl 11.00. Dåp. Nattverd. Anne-Sofie Haarr. Geir Palle Haarr.
• Gjesdal kyrkje kl 11.00. Sigve Sande. Arne Warem.
• Klepp kyrkje kl 11.00. Dåp. Sigve Ims. Ola Sotnakk.

**Sundag 29. juli - Olsok**
• Varhaug gml. kyrkjegard kl 11.00. Gaute Ø. Rasmussen. Friluftsgudsteneste, ta med stol.
• Ålgård kyrkje kl 11.00. Kristine Skree Kristiansen. Organist Sigmund Haaland.
• Gjesdal kyrkje kl 19.00. Kristine Skree Kristiansen. Organist Sigmund Haaland.
• Time kyrkje kl 11.00. Dåp. Nattverd. Stein Ødegård. Per Olav Egeland.
• Pilegrimsvandring. Start kl 16.30 frå 1000-årsplassen ved Obrestad hamn via Grødalandtunet til Varhaug gamle kyrkjegard.
• Orre gamle kyrkje kl 19.00. Dåp. Andreas Haarr. Ola Sotnakk.

**Sundag 5. august**
• Bryne kyrkje kl 11.00. Dåp. Nattverd. Kjell Børge Tjemsland. Per Olav Egeland.
• Ogna kyrkje kl 11.00. Dåp. Gaute Ø. Rasmussen. Geir Palle Haarr.
• Nærbø kyrkje kl 11.00. Dåp. Nattverd. Lars Sigurd Tjelle.
• Frøyland og Orstad kyrkje kl 10.30. Dåp. Andreas Haarr. Ove Byberg.

**Sundag 12. august**
• Undheim kapell kl 10.30. Gunnar Frøyland. Per Olav Egeland.
• Varhaug kyrkje kl 11.00. Dåp. Nattverd. Gaute Ø. Rasmussen. Geir Palle Haarr.
• Ålgård kyrkje kl 11.00. Oddbjørn Stangeland. Sigmund Haaland.
• Oltedal kyrkje kl 20.00. Oddbjørn Stangeland. Sigmund Haaland.
• Klepp kyrkje kl 11.00. Dåp. Nattverd. Andreas Haarr. Ola Sotnakk.

**Sundag 19. august**
• Undheim kapell kl 10.30. Per Børge Hillestad.
• Friluft Lyeparken kl 12.00. Dåp. Gunnar Frøyland.
• Bryne kyrkje kl 11.00. Dåp. Nattverd. Stein Ødegård. Oddny Underhaug.
• Ogna kyrkje kl 11.00. Nattverd. Lars Sigurd Tjelle. Geir Palle Haarr.
• Nærbø kyrkje kl 11.00. Nattverd. Roald Byberg. Morten Helvig.
• "Perlå", Ålgård kl 11.00. Gudsteneste i forbindelse med Vannfestivalen. Oddbjørn Stangeland
• Dirdal kyrkje kl 11.00. Vikarprest. Organist Ragnhild Hoel.
• Klepp kyrkje kl 11.00. Dåp. Andreas Haarr. Ola Sotnakk.
• Bore kyrkje kl 11.00. Dåp. Åsmund Steinnes. Ove Byberg.
• Orre gamle kyrkje kl 11.00. Markerig gjenopning. Nattverd. Jarle Minnesjord. Arne Hadland.

**Sundag 26. august**
• Rosseland skule kl 11.00. Nattverd. Leif Oscar Reiestad.
